



NVE-
Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

SAND, 08. Juni 2015

J.nr. 53/15/AG
A.nr. 654.2

D.ref.: 201306828-8
Arkiv: 312

Fråsegn. Søknad om bygging av Steinsåno kraftverk i Suldal kommune.

Viser til Dykkar e-post dagsett den 18. mai 2015 vedr. høyring for søknad om bygging av Steinsåno kraftverk i Suldal kommune. Viser og til vedlegg 10 i konsesjonssøknaden der det er ein kopi av vårt svar til søker vedr. kapasitet og kostnader.

Det er i dag ikkje ledig kapasitet på vårt 22kV nett til å kople til dette kraftverket. Eksisterande 22kV linje frå avgreiningspunkt på Steine må forsterkast ned til Moe stasjon, ca. 3,0km. Sjå vedlagt kartskisse. Forsterkinga må truleg byggast som jordkabelanlegg langs riksvegen då eksisterande 22kV linje vanskeleg kan koplast ut ved ei eventuell ombygging. Dette på grunn av at det i dag er fleire kraftverk som er tilkopla denne linja og leverer kraft ned til Moe stasjon. Å bygga ei parallell linje langs eksisterande 22kV linje med kryssing av Suldalslågen vil nok og bli vanskeleg å få til på denne strekninga. Det må i tillegg etablerast eit kondensatorbatteri i Moe stasjon. Det er fortsatt ledig trafokapasitet i Moe stasjon.

Når det gjeld bygging av Steinsåno Kraft si tilknytingslinje/kabel frå kraftverket og fram til tilknytingspunkt på vår 22kV linje ved Mork, så kan ikkje Suldal Elverk utføre dette i følgje DSB. Det er krav om installatørpapirer for høgspenstarbeid ved bygging av nett for andre, dette i følgje forskrift FEK (Forskrift om elektroforetak og kvalifikasjonskrav).

Bildet kan fort endra seg i dette området, det har tidlegare vore mange planer om kraftutbygging her. Er det andre kraftverk som vil kople seg til vår linje mellom Steine og Suldalseid/Valskår før Steinsåno kraftverk så kan dette føre til at kapasiteten på denne linja og blir oppbrukt. Då må Steinsåno og ta kostnaden med å forsterke denne 22kV linja i tillegg til å vera med å dekke kostnad mellom Steine-Moe stasjon.

Alle kraftverk som skal koplast til i vårt nett må vera med å dekke sin del av kostnaden (anleggstilskot) med forsterking og ny tilknytingslinje/kabel.

Kontoradresse
Postvegen 9
4230 SAND


Postadresse
Postboks 134
4239 SAND

Telefonar
Sentralbord 52 79 26 00
Telefax 52 79 26 01
E-post agr@sev.no

Bankkonto
3202 07 03120
Foretaksnr. 971 034 998 MVA

Når kraftverket elles følger våre generelle reglar og vilkår for tilknytning har vi ikkje andre merknader enn dette.

Med helsing
SULDAL ELVERK KF


Tor Bjarne Smedsrud
elverksjef


Asbjørn Grønås
plansjef

Kontoradresse
Postvegen 9
4230 SAND

Postadresse
Postboks 134
4239 SAND

Telefonar
Sentralbord 52 79 26 00
Telefax 52 79 26 01
E-post agr@sev.no

Bankkonto
3202 07 03120
Foretaksnr. 971 034 998 MVA

Steinsåno kraft

Suldal Elverk

